



Statens vegvesen

Notat

Til: Dina Lefdal
Frå: Olav Svangstu
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Olav Svangstu - 57655828
Vår dato: 1.10.2013
Vår referanse: 2013/113164-001

Vurdering av framkomst for buss på Krokavassdammen på fylkesveg 92 i Høyanger

Fylkesveg 92, hovudparsell 1, går frå Hordaland grense til Hest (Bjordal). Der held den fram austover på sørsida av Sognefjorden til Ornevik (også fylkesvegen frå Arnafjord til Vik har same vegnummer). I Bjordal er det kryss mellom denne vegen og fylkesveg 8 som går vestover til E39 i Oppedal. Vegen ligg i Høyanger kommune. Den er framhald av fylkesveg 381 i Hordaland (går frå kryss med E39 i Matre). Frå fylkesgrensa til Hest er det 19,0 kilometer.

Trafikken på vegen er liten, berre ÅDT₂₀₁₂ 100 (10 % tunge). Vegen er vinterstengd.

Vegen har bruksklasse Bk10 og tillaten vogntoglengde 12,4 meter.

Mellom km 2,41 og km 2,59 går vegen over Krokavassdammen. Først går vegen over ei ca. 21 meter lang bru i tre spenn over overløpet (for høgste regulerede vasstand). Deretter følgjer den damtoppen. Nedanfor er vist to bilete frå 2005.



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Skrivarvegen 3, Tinghus III
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Det har komme klage på at det er vorte vanskelegare eller umogeleg å kjøre over dammen med buss etter at den vart heva. (Samtale med Øystein Bjørnsen, Stordalen Turisthytte 25/9-2013. Han seier at fleire bussar har teke bort i betongkanten etter endringa, og at busselskapa no nektar å kjøre over. Det er svingen frå brua inn på dammen som er vorte problemet.) Biletet nedanfor viser den nye situasjonen.







Vi har forsøkt å leggje inn sproringskurve for buss med lengde 12,4 meter (Novapoint), og konklusjonen er at dette ikkje går. Men marginane er små. Det er vanskeleg å seie om innsnevringa på 12 cm er avgjerande. I følgje Odd Rune Våge som har gjort dette arbeidet, kan det vere tilfelle.

Ei meir detaljert oppmåling i før-situasjonen og detaljert oppmåling slik det er no, ville kunne gi eit svar eit stykkje på veg. Men det er ikkje mogeleg å få til. Det næraste ein kan komme, er ei ny oppmåling, og at ein anslår kor stor endringa har vore (på grunnlag av dei observa-sjonane som er nemnde ovanfor). Uansett vil dette berre bli ei teoretisk vurdering, det er usikkert om programmet for sporingsberekning vil vere nøyaktig nok til å gi eit sikkert svar.

Det vi i så fall står tilbake med, er prøvekjøring. Det er usikkert kor stor verdi det vil ha. Ut frå det lokalkjende seier, er det sannsynleg at ein då vil finne at det ikkje er mogeleg å kjøre ein buss med normal storleik (12,4 meter) over brua, eller at dette er svært vanskeleg. Det vil heller ikkje gi eit sikkert svar på om det arbeidet som nyleg er utført, er årsaka til dette.

Det kan sjå ut som det uansett vil vere vanskeleg å dokumentere at BKK har gjort ein feil som har ført til vesentleg dårlegare framkomst. Rett nok har dei lete vere å utvida brua slik vi oppfatta at dei hadde til hensikt å gjere, men det har i seg sjølv ikkje gjort situasjonen verre.

Utan at eg vil komme med ei klår tilråding om det her, bør det vurderast om denne delen av vegen bør skiltast med kortare vogntoglengde enn det som i dag går fram av veglista, for eksempel 10 meter.